



Saksframlegg

Godkjenning salg av Telemark Kildevann Holding til Refresco

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Leigekontrakt lagerhall endeleg versjon
- 2 12.06.25 utkast samtykke eierskifte Fyresdal kommune

Bakgrunn for saka:

Telemark Kildevann Holding har gjennom ei årrekke drive mineralvassproduksjon i Fyresdal og har vore ei viktig hjørnesteinsbedrift i bygda. 20.06.2025 kunngjorde verksemda at den internasjonale aktøren Refresco kjøper alle aksjane i Telemark Holding AS. Telemark Kildevann har fram til nå vore eit familieeigd selskap men dersom konkurransetilsynet godkjenner oppkjøpet vil få heilt nye eigarar. Dei finansielle vilkåra for transaksjonen er foreløpig ikkje kjend.

Etter at transaksjonen er gjennomført vil alle tilsette bli ein del av det internasjonale konsernet.

Om Telemark Kildevann

Telemark Kildevann Holding har fabrikker både i Fyresdal og Aurskog og har totalt omkring 60 tilsette på dei ulike fabrikkane. I Fyresdal er det tilsett ca 25 faste årsverk, samt 3-5 ekstra personar gjennom mai-august. I 2023 hadde Telemark Kildevann AS ei omsetning på 107 millionar kroner og eit overskot før skatt på 12,3 millionar kroner.

Om Refresco

Refresco er en global leverandør av drikkeløysningar for globale, nasjonale og nye merkevarer, samt distributørar. Verksemda har hovudkontor i Rotterdam, Nederland og har meir enn 14000 tilsette totalt. Refresco er eigd av KKR, amerikansk PE aktør som har vore majoritetseigar sidan 2022. I tillegg har PAI Partners, eit fransk selskap og BCI, eit Canadisk pensjonsfond minoritetsandelar i Refresco.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; set inn strategien som står i samfunnsdelen strategi for næring og arbeidsliv.

TKV har sidan etablering i Fyresdal vore ei viktig bedrift for Fyresdal. Både med tanke på arbeidsplassar og inntekter for kommunen. I tillegg er det ein egen verdi at kjeldevatnet er av så god kvalitet at det kan nyttast til kommersielt formål. Det å få ein internasjonal aktør inn på eigarsida kan vere styrkande for både verksemda og for Fyresdal kommune, samtidig som det reiser nokre varselflagg som ein må vere klar over.

Refresco er ein industriell aktør som kan tilføre TKV kompetanse og teknologi, og som har tilgang til eit større distribusjonsnettverk. Det er òg naturleg å sjå for seg at kvaliteten på vatnet i Fyresdal vil vere ein viktig faktor for å oppretthalde produksjonen lokalt i Fyresdal. Medaljens bakside med ein internasjonal eigar kan vere at lokale forhold i Fyresdal ligg langt frå hovudkontoret i Nederland, og at til dømes strategiske avgjersler tek mindre omsyn til lokale forhold.

I tillegg er det viktig å vere merksam på at regelverk som Sikkerhetslova, aktsomhetsvurdering og Åpenhetslova er i større grad vil vere gjeldande ved utanlandsk eigarstruktur. Sikkerhetslova gjer moglegheit til å stoppe eigarskap som kan gje utilsikta tilgang til kritiske ressursar som eksempelvis drikkevatt. Aktsomhetskravet handlar om å identifisere, vurdere, forebygge og handtere negative konsekvensar for menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold, både i eiga verksemd og i leverandørkjeder.

I praksis betyr dette at Refresco som eit minimum må integrere TKV i sitt globale compliance arbeid og slik at ein er i tråd med gjeldande regelverk.

Telemark Kildevann AS ber nå om å få førehandsgodkjenning av leigeavtala om at lagerbygg kan overtakast av Refresco. Isolert sett er det uproblematisk å godkjenne eit slikt oppkjøp med den eigarstrukturen Refresco har i dag, men når ein kjem til ei overføring av vassrettighetane er det viktig at desse avtalene blir fornya slik at gjeldande regelverk og andre relevante forhold blir reflekter i avtalane.

Konklusjon:

Telemark Kildevann AS er ein viktig arbeidsplass for Fyresdal kommune og ein ynskjer å vere ein god samarbeidspartner for å legge til rette for langsiktig produksjon av mineralvatn i Fyresdal. Det er viktig at vassrettighetane får tilsvarande fornying som leigeavtala har fått slik at ein sikrar den viktige ressursen som reint vatn er, både som drikkevassforsyning og som næring for Fyresdal kommune.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Overføring av eigarskap knytt til leigeavtala om lagerbygg godkjennast.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Gerd Straume
	næringssjef